



FAGFORBUNDET

Årsberetning 2023

for

Fagforbundet 747 Helse Førde

Behandla av årsmøtet den 29. januar 2024

Innleiing	2
Styret har i perioden hatt følgande samansetning:	3
Representantar til fylkesstyret representantskap/fylkesmøte	3
Representantar til LO lokalt	4
Valkomit�	4
Revisorar	4
Kontorforhold	4
Fagforeininga sine organisasjonsomr�de - medlemmer og tillitsvalde fordelt p� tariffomr�der	4
Fagforeininga sin klubborganisering i Helse F�rde	5
Koordineringsledd	6
Medlemsutvikling:	6
M�teverksemd	7
Utvala sine verksemd	8
Pensjonistutval	8
Yrkesseksjon helse og sosial	8
Yrkesseksjon kontor og administrasjon	9
Yrkesseksjon samferdsel og teknisk	9
Fagforeininga sine aktivitetar og utfordringar p� kort og lang sikt	9
Organisasjonsbygging og tariffmakt	10
Andre lokale utfordringar	11
Representasjon	11
Fylkeskretsen	11
Andre utval	11
Kurs og konferansar	12
Fagforeininga si bruk av organisatorisk frikj�p/ «spleiselag»	13

Innleiing

Fagforeininga si  rsmelding er fagforeiningsstyret si rapportering til medlemmene p  i kva grad styret har lukkast med   gjennomf re handlingsplanen som  rsm tet 2023 vedtok for perioden.

I august fekk vi p  plass pensjonistutval. Der vi har f tt representantar fr  Sogn, Sunnfjord og Nordfjord. Vi har dessverre ikkje lukkast i   f  vara til yrkesseksjon samferdsel- og teknisk, og vi har heller ikkje f tt tillitsvalde p  alle omr der.

I 2023 har vi hatt god aktivitet med blant anna arbeidsplassbes k og stand ved Sentralsjukehuset, NSH og LSH og alle yrkesaktive medlemmer har f tt ei sommarg ve.

V re medlemmer har hatt f rste prioritet for oss, og f tt bistand n r behovet har vore der.

Styret har i perioden hatt følgende samansetning:

Fagforeiningsstyret	Namn	Honorar i kr
Leiar	Sølvi Anne Birkeland	120 000,-
Nestleiar	Kristian Solheim (t.o.m aug) Randi Aven	
Opplærings- ansvarleg	Andrè Vindedal	
Kasserar + Fane 2	Per Nikolai Solheim	59 600,-
Leiar yrkesseksjon helse og sosial	Tove Nødset	
Leiar yrkesseksjon samferdsel og teknisk	Roger Smørdal	
Leiar yrkesseksjon kontor og administrasjon	Sivert Rømo (t.o.m. august) Lene Mathea Hetle (f.o.m. august)	
Ungdomstillitsvald	Dan Robin Systad Fludal (f.o.m. august)	
Pensjonistillitsvald	Torun Husdal	
Styremedlem	Wenche Mæland	
Styremedlem	Petter Ratvik	
1.Vara Styremedlem	Mathias Hatlestad	
2.Vara Styremedlem	Marit Solveig Nedrebø	
Vararepresentant yrkesseksjon helse og sosial	Britt Karin Indrebø	
Vararepresentant yrkesseksjon samferdsel og teknisk		
Vararepresentant kontor og administrasjon	Lene Mathea Hetle (t.o.m. august)	
Vara ungdomstillitsvald	Ann Kristin Frøyen Husabø	
Vara pensjonistillitsvald	Bodhild Nyhammer Bakke (f.o.m. august)	

Styremedlem som deltek i møte på fritid, får honorar på kr. 500.-.

Fagforeininga sine hovudtillitsvalde med frikjøp i 2023:

Verv	Namn	Frikjøpsprosent	Tariffavtale
Føretakstillitsvald	Randi Aven	100 %	Spekter
Vara Føretakstillitsvald	Mariann Hundsnes (t.o.m. november) Sølvi Anne Birkeland	20 %	Spekter

Representantar til fylkestyret representantskap/fylkesmøte

Fagforbundet Helse Førde har hatt følgende representantar:

1. Sølvi Anne Birkeland
2. Kristian Solheim
3. Randi Aven

Vara:

1. Tove Nødset
2. Petter Ratvik
3. Per Solheim
4. Sivert Andreas G. Rømo

Representantar til LO lokalt

- Kristian Solheim, LO Sunnfjord
- Arild Ullebø, LO Ytre Sogn

Valkomit 

Valkomit  i samsvar med vedtektene har best tt av:

Leiar	Wenche Hosteland M�eland
Nestleiar	Wenche Eikevik
Medlemmer	Det har ikkje lukkast i � f� tak medlem til valkomit�en

Revisorar

Til   revidere fagforeininga sin rekneskap, har det vore f lgande revisor og vara:

1: Laila Hovlandsdal

2: Per Scott Olsen

Vara: det har ikkje lukkast i   f  vald vara i perioden.

Kontorforhold

Fagforbundet Helse F rde disponerer kontor saman med andre ved F rde Sentralsjukehus. FTV og vara FTV har egne kontor ved F rde Sentralsjukehus. Dette er etter avtale med Helse F rde.

 konomi

Bankinnskot 31.12.2022	Bankinnskot 31.12.2023	Eigenkapital 31.12.2022	Eigenkapital 31.12.2023
698.680,93	694.144,89	712.293,82	723 996,66

Budsjett og rekneskap kjem som eiga sak i  rsm tet.

Fagforeininga sine organisasjonsomr de - medlemmer og tillitsvalde fordelt p  tariffomr der

Fagforeininga har per 31.12.2023 medlemmar innanfor f lgande tariffomr der:

4

Tariffområde	Tal medlemmer
Spekter helse. Aktive medlemmar inkl. lærlingar	482
Total medlemmar med pensjonist og uføre	868

Fagforeininga sin klubborganisering i Helse Førde

(jfr. vedtektenes § 11.7).

Arbeidsgjevar	Område	Navn på klubbleder (tillitsvald etter hovedavtalen)
Helse Førde	Stabsområdet Drift og Eigedom NSH	Randi Aven
Helse Førde/ Psykisk Helsevern	DPS allmenn UPH Psyk. servicesenter Akuttposten BUP Psyk. poliklinikk Matforsyning FSS Portør	Mariann Hundsnes (til 1. desember)
PHV	Psyko-seposten Tryggleiksposten	Are Hundvebakke
PHV	ISP	Tove Nødset
PHV	NPS	Bodhild N. Bakke til 1. august Ådne Bergset frå 1. august
PHV	Tronvik	Bjørg-Eli Nese
Medisinsk Klinikk	Medisinsk sengepost 1 og 2 FSS (+ poliklinikk.) Kreft sengepost (+ poliklinikk)	Anna- Kamilla Øren (permisjon frå 1. august)
Medisinsk Klinikk	Medisinsk serviceseksjon	Sølvi Anne Birkeland frå 1. juni
Medisinsk Klinikk	Barneavdeling (+ poliklinikk) ANRR Akuttmottak	Sølvi Anne Birkeland frå 1. desember
Kirurgisk klinikk	Ortopedisk sengepost + poliklinikk Intensivavdeling	Wenche H. Mæland

	Operasjonsavdeling	
Kirurgisk klinikk	Kirurgisk sengepost + poliklinikk	Ann Kristin Husabø Frøyen
Kirurgisk klinikk	Føde/gyn. sengepost + poliklinikk	Randi Aven
Kirurgisk klinikk	Kirurgisk serviceseksjon	Sølvi Anne Birkeland, frå 1. juni
Kirurgisk klinikk	Ambulanse område 1, 2, 5 og 6	André Vindedal
Kirurgisk klinikk	Ambulanse område 3, 4 og AMK	Jon Valur Olafsson til 20. september André Vindedal frå 20. september
Kirurgisk klinikk/ Stabsområdet	Sterilsentral Sentrallager	Sivert Rømo
LSH	LSH	Mariann Hatlenes
NSH	NSH	Manglar (Randi Aven)

Koordineringsledd

FTV Randi Aven og vara FTV Mariann Hundsnæs er medlem i koordineringsleddet i Helse Vest.

Leiar Sølvi Anne Birkeland er styremedlem/leiar i koordineringsledd HF Pasientreiser, frå oktober-23

Medlemsutvikling:

Fagforeininga sitt vervemål:		Fagforeininga sitt vervemål for yrkesaktive:			
Vervemål totalt:	Måloppnåelse:	Vervemål yrkesaktiv:	Måloppnåelse:		
55	42		34		
Medlemstal totalt:		Yrkesaktive totalt:			
01.01.23	31.12.23	01.01.23	31.12.23		
834	868	469	485		
Tal yrkesaktive medlemmer under 30 år:		Tal pensjonistmedlemmer			
01.01.23	31.12.23	01.01.23	31.12.23		
57	55	286	283		
Studentar:		Lærlingar:		Elevar:	
01.01.23	31.12.23	01.01.23	31.12.23	01.01.23	31.12.23
29	26	20	24	0	0
Tal yrkesaktive medlemmer Spekter					

01.01.23	31.12.23
449	458

Fagforeininga har jobba slik for å sikre vervemålet:

- Vi har hatt stand på LSH, NSH og FSS
- Vi har vore på arbeidsplassbesøk
- Vi har vore synlege, lokale tillitsvalde er vår næraste kontakt ut mot medlemmer og andre tilsette.
- Vi har hengt opp plakatar med bilete og kontaktinformasjon med oversikt over kven som er tillitsvald på alle områder.
- For å ivareta medlemmer deler vi ut sommargåver til alle yrkesaktive medlemmer. I år fekk alle eit tøynett med litt stasj i.
- Vi har delt ut julehelsingar med litt ekstra stasj på alle arbeidsplassar.
- Vi sender ut tilbod om faglege kurs og seminar og inviterer til medlemsmøte.
- Føretakstillitsvald sender kvar månad ut liste til tillitsvalde med namn på alle nyttilsette i Helse Førde, slik at lokale tillitsvalde kan ta kontakt med dei enten personleg eller via e-post.
- Fane 2 ansvarleg har ansvar for å kontakte medlemmer som vil melde seg ut, og klarer slik å «snu» nokre.
- Fagforbundet v/FTV har fått presentert oss til helsefagarbeidarlærlingane som startar kvar haust under deira «onboarding». Der vert det også delt ut brosjyre og stasj.

Møteverksemd

Årsmøtet var 30. januar, Thon Skei hotell, Jølster og behandla følgande saker:

- Opning
- Konstituering
- Årsmelding
- Handlingsplan
- Rekneskap
- Revisjonsmelding
- Innkomne saker. Norsk Folkehjelp, Krisesenteret i Sogn og Fjordane.
- Budsjet
- Val etter vedtektene

Det har vore 4 medlemsmøte/klubbmøte

- NPS
- Kirurgisk sengepost
- Kirurgisk/medisinsk serviceseksjon
- Tronvik

Det er har vore 7 styremøte

- Styret har behandla 76 saker.
- Styret har behandla 11 rundskriv

Kva saker har vore tidkrevjande

Det at vi ikkje har klart å få tillitsvald på NSH er et tema styret har teke på alvor. Dessverre utan at status er endra.

Vi har jobba med Tariff 2024. Både i styret, men har også fått innspel frå medlemmer via tillitsvalde.

Sosiale aktivitetar

Alle tillitsvalde var invitert med på felles styre- og tillitsvaldsamling 10.-11. januar og 21.-22. august. Sidan vi er så spreidde i heile Helse Førde sitt område er dette ein viktig arena der vi kan bli godt kjende, slik at vi kan samarbeide godt i kvardagen.

Jubilantane våre vart i 2023 invitert til årsmøte med middag der det vart delt ut merke, diplom og blomster.

Utvala sine verksemd

Pensjonistutval

Utvalet si samansetning:

Torun Husdal – leiar
Bodhild Nyhammer Bakke
Kari Daltveit.

Har hatt eitt møte i Pensjonist utvalet i Førde og snakka litt om korleis me skulle nå ut og kva me kan tilby pensjonistane i Fagforbundet Helse Førde.

Kari har invitert dei som sokner til Helse Førde Sunnfjord og ytre Sogn til eit treff.

Torunn har hatt eit treff i Indre Sogn for medlemmer frå Helse Førde i lag med Fagforbundet Lærdal sine pensjonistar.

Torunn har hatt 2 møte med Lærdal sin pensjonisttillitsvald. Vi ynskjer å få til eit samarbeid med Fagforbundet sine pensjonistar i kommunane Sogndal, Luster og Årdal.

Har også vore litt aktivitet mot kommunen i Lærdal der Torunn og TV for pensjonistane og uføre i Fagforbundet Lærdal saman med Pensjonistforbundet skal ha møte med kommunen med tanke på å invitere alle pensjonistane til eit ope møte. Tema: kva tilbod kommunen har og kva hjelp ein kan få til førebyggande tiltak.

Leiar har delteke på 2 samlingar i Fagforbundet Vestland for pensjonistar og uføretrygda.

Har delteke på Årsmøte i Fagforbundet Helse Førde

Har vore med på 4 styremøte (2 på teams)

Yrkesseksjon helse og sosial

Utvalet si samansetning:

Tove Nødset, leiar
Britt Karin Indrebø

Leiar har i 2023 delteke på ulike konferansar og aktivitetar.

Mars Sjukehuskonferansen i Bodø

Representantskapsmøte i Bergen

April Fylkeskonferansen for yrkesseksjon Helse og sosial i Bergen

September Seksjonsleiar kurs i Sogndal
Oktober Felleskonferansen Helse Vest, Flesland
November Webinar, Samhandling mellom offentlige tjenestetilbydere
Arbeidsplassbesøk på ambulansestasjonen i Førde.
Har vidaresendt informasjon og kurstilbod til medlemmer
Har sendt ut påminning om dei ulike yrkesdagane til tillitsvalde.
Har delteke på styremøte og opplæring/samlingar i Fagforbundet Helse Førde.

Yrkesseksjon kontor og administrasjon

Utvalet si samansetning:

Sivert G. Rømo, leiar 1. jan – 31.august
Lene Mathea Hetle (leiar frå 1.september)

Leiar har i 2023 delteke på ulike konferansar og aktivitetar:

Sjukehuskonferansen i Bodø
Representantskapsmøte i Bergen
Felleskonferansen Helse Vest, Flesland

Har vidaresendt informasjon og kurstilbod til medlemmer.
Har delteke på styremøte og opplæring/samlingar i Fagforbundet Helse Førde.

Yrkesseksjon samferdsel og teknisk

Utvalet si samansetning:

Roger Smørdal, leiar
Manglar vara

Vore med på med på yrkesseksjonsleiarsamlingar med tema som "Vegen vidare" og "Arbeidslivkriminalitet".

Fagpolitisk yrkesseksjonsarbeid i Fagforbundet
Organisering og gjennomføring av kurs for trygg arbeidsplass med "Truslar og Vold på arbeidsplassen" der Arne Hernes heldt føredrag.
Innspel og informasjon til styret frå yrkesseksjonsleiarsamlingar.
Har vidaresendt informasjon og kurstilbod til medlemmer.
Har delteke på styremøte og opplæring/samlingar i Fagforbundet Helse Førde.

Fagforeininga sine aktivitetar og utfordringar på kort og lang sikt

Heiltid, likeløn og kamp mot auka forskjellar

Krevje at stillingar som hovudregel lysast ut som heile, faste stillingar.

- Dette vert drøfta i stillingsutvalet kvar månad.
- FTV har hatt inne krav om fast tilsetting etter «grunnbemanningslæra» for 1 medlem som gjekk til forliksrådet. Før det vart sak vann vi fram med kravet og medlemmen fekk 100 % fast stilling og etterbetaling av løn frå kravet var fremja.

Gjennomføre drøftingsmøte minst ein gang pr. år om bruk av deltid og utarbeiding av retningslinjer.

- Dette er utført

Fremje krav etter arbeidsmiljølovens kapittel 14 for alle som har rettmessige krav i samsvar med lovverket.

- Alle tillitsvalde får opplæring og rettleiing i dette.
- Vi har utarbeidd malar til bruk for å fremje krav.

Forberede tillitsvalde på å gjennomføre lokale forhandlingar, med sikte på å oppnå likelønn og utjamne lønsskilnadar.

- Det vart ikkje lokale forhandlingar i 2023.
- Tillitsvalde/FTV har fremja lønskav for medlemmer utanom lokale forhandlingar i samsvar med «Lønspolitisk plan» i Helse Førde.

Organisasjonsbygging og tariffmakt

Kartlegge vervepotensial på alle tariffområder, og lage en plan for å bevare og styrke forbundets posisjon på arbeidsplassane.

- Føretakstillitsvald sender kvar månad ut liste til tillitsvalde med namn på alle nyttilsette i Helse Førde, slik at lokale tillitsvalde kan ta kontakt enten personleg eller via e-post.
- Fane 2 ansvarleg har ansvar for å kontakte medlemmer som vil melde seg ut, og klarer slik å «snu» nokre.
- Vi har hengt opp plakatar med bilete og kontaktinformasjon med oversikt over kven som er tillitsvald på alle områder.

Lage ein plan for å rekruttere lærlingar.

- Fagforbundet v/FTV har fått presentert oss til helsefagarbeidarlærlingane som startar kvar haust under deira «onboarding».
- Alle nye lærlingar i ambulansen vert kontakta av lokal tillitsvald med informasjon om Fagforbundet.
- TV på dei andre områda som har lærling kontaktar desse med informasjon om Fagforbundet

Lage ein plan som systematiserer informasjonsarbeidet og bidrar til at vi vert meir synlege i media, på nett og i sosiale medium.

- Alle yrkesdagane vert markert på FB og med plakatar utanfor kantine, nokre gangar også på arbeidsplassane, og e-post til kvar enkelt medlem
- Vi legg ut diverse tilbod om kurs og konferansar på FB
- Har delvis lukkast i å oppdatere heimesida til Fagforbundet Helse Førde.

Etablere møtepunkt for å styrke samhandling mellom yrkesseksjonane og tillitsvalde valt etter hovudavtalene.

- Vi har felles opplæring med styret og tillitsvalde 2 gangar kvart år

Fag-, yrkes- og kompetanseutvikling

Sikre en sterk kopling mellom det yrkesfaglege og forhandlingar opp mot arbeidsgjevar

- Vi har eit utvida forhandlingsutval der yrkesseksjonsleiarane er med

Sørge for at tillitsvalde etter hovudavtalen etterspør yrkesfaglege argumenter frå yrkesseksjonen i arbeidet overfor arbeidsgjevar.

- Vi har eit utvida forhandlingsutval der seksjonsleiarane er med
- Vi har felles opplæring med styret og tillitsvalde 2 gangar kvart år, der kan vi utveksle erfaring og bli kjende slik at det er lettare å ta kontakt ved behov.
- Det varierer med kor erfaren den tillitsvalde er, kor mykje den tillitsvalde brukar aktuell yrkesseksjon.
- Yrkesseksjonen kan bidra med faglege argument i samband med omstillings- og digitaliseringsprosessar

Arbeide for at det vert etablert fleire læreplassar og at fleire tar fagbrev.

- Fagforbundet Helse Førde deler ut stipend til dei som tek fagbrev som privatistar og andre som har utgifter til dette.
- Jobbar aktivt i styret i Helse Førde og opp mot føretaksleiinga med å utvide tal lærlingar innan helsefag, og opprette nye plassar t.d. innan byggdrift.

Sikre at medlemmene får faglege tilbod.

- Vi har gode rutinar på å vidareformidle faglege tilbod frå Fagforbundet Vestland og andre tilbydarar.
- Vi har arrangert eit kurs om «Vold og Truslar».

Møte medlemmene gjennom valgkampaktivitet som arbeidsplassbesøk, medlemsmøte og bruk av sosiale medium.

- Vi hadde arbeidsplassbesøk frå Fagforbundet Vestland med fokus på valdeltaking. Vi besøkte då store delar av drift og eigedomsavdelinga; hovudkjøkken, reinhald, lager, portør, bodkontoret og teknisk drift + sterilsentral.
- Fagforbundet var med då stortingspresidenten besøkte Helse Førde
- Fagforbundet var med då SV besøkte Helse Førde.

Andre lokale utfordringar

Vi har ikkje klart å få tillitsvalde på alle områder i Helse Førde. Vi har gjennom heile 2023 mangla tillitsvald på Nordfjord sjukehus.

Vi har heller ikkje fått på plass vara til yrkesseksjonane teknisk og samferdsel og kontor og administrasjon (når vara overtok leiarfunksjon i YKA)

Representasjon

Oversikt over kva verv fagforeininga har hatt medlemmer i:

Fylkeskretsen

- Fylkestyret
Sølvi Anne Birkeland
- Andre utval
 - HMS-utval: Petter Ratvik (fram til okt.-23)

Andre utval

- LO sitt familie- og likestillingsutval: Randi Aven

Oversikt over kva verv medlemmer i fagforeininga har hatt i perioden:

Leiar:

- Medlem fylkesstyret
- Varamedlem i Fylkesutvalet LO stat
- 1. vara til styret i Helse Førde
- KAMU og klinikkråd medisinsk klinikk

Føretakstillitsvald, Randi Aven:

- Styremedlem i Helse Førde
- Medlem i FAMU og i KAMU Stabsområdet
- Deltakar i fleire prosjekt i Helse Førde, m.a. prosjektgruppe «prosjekt Sengepost og Hotell», rekrutteringsstrategi, vara til styringsgruppa «Pasientens helseteneste».
- Medlem i LO Vestland sitt familie- og likestillingsutval
- Medlem i Fagforbundet sitt koordineringsledd i Helse Vest
- Styremedlem i Fylkesutvalet i LO stat

Klinikkstillitsvald Psykisk Helsevern, Mariann Hundsnes (vara FTV) til 1. desember:

- Medlem i KAMU og klinikkråd Psykisk Helsevern og Drift- og eigedom
- Medlem i HMS-utvalet for Sogn og Ytre Sunnfjord.
- Deltakar i prosjekt
 - Liva, FNS , Plan 0
- Deltakar i Koordineringsleddet Helse Vest

Klinikkstillitsvald Kirurgisk klinikk, Wenche Mæland:

- Medlem i KAMU og klinikkråd kirurgisk klinikk

Kurs og konferansar

Planlagde kurs og konferansar for tillitsvalde vald etter hovudavtalene

Type kurs:	Tal TV gjennomført	Dato gjennomført
Fase 1	2	
Fase 2		
Temakurs i turnus	9	6. september
Temakurs i omstilling	8	2. mai
Felles konferanse Fagforbundet - Helse Vest	5	2. - 3. september
FTV/vara - samling Helse Vest, Sola	2	6. -7. mars og 13. - 14. september
LO-konferanse LO Vestland	1	7. - 8. februar og 1. - 2. november
Sjukehuskonferansen	5	8. - 9. mars

--	--	--

Tillitsvalde har hatt 3 nettverksmøter; 20. Februar, 2. mai og 10 . november, frå 6 til 9 møtte. Eit av møta var på teams dei to andre var fysiske møter i Førde.

Alle tillitsvalde var invitert med på felles samlingar for styre- og tillitsvalde, der var det mange tillitsvalde med.

Planlagde kurs og konferansar for tillitsvalde valdr etter vedtektene

Type kurs:	Tal TV gjennomført	Dato gjennomført	Registrert i AOF
Fase 1	1		x
Fase 2	1	Vår	x
Kurs for yrkesseksjonsleiar	2	19.09	x

Andre kurs og konferansar

Type kurs	Arrangør	Tal deltakarar	Dato gjennomført
“Omstilling i Spekter”	LO- stat	4	6. - 8. november
“Veien mot en tillitsreform”	LO-stat	2	17. - 19. januar
Fane 2 forum	Region	1	

Yrkesfaglege kurs, fagdagar og konferansar- medlemsretta

Fagforeininga har i løpet av året gjennomført følgande kurs:

Type kurs, fagdagar og konferansar	Tal deltakar	Dato gjennomført	Registrert i AOF
“Truslar og vold på arbeidsplassen”	10	14. februar	

Fagforeininga si bruk av organisatorisk frikjøp/ «spleiselag»

Fagforeininga har søkt om og fått tildelt midlar 27 482,- til organisatorisk frikjøp. Disse er brukt til å frikjøpe nestleiar og opplæringsansvarleg for å gjennomføre stand og arbeidsplassbesøk.

Sluttord

2023 har vore eit år med god aktivitet i Fagforbundet Helse Førde, tillitsvalde har vore med på mange store og små saker.

Vi har ikkje klart å få tillitsvalde i alle områda våre. Dette har gitt andre tillitsvalde ekstra arbeid.

Det har gjennom året vore godt oppmøte og stort engasjement på alle styremøta, der vi har nytta teams samt hatt fysiske styremøte.

Fagforbundet Helse Førde er godt nøgde med arbeidet som styret, føretakstillitsvald og tillitsvalde har utført gjennom året, der store og krevjande oppgåver er handtert på ein god og tilfredsstillande måte.

Styret i Fagforbundet Helse Førde avd. 747

Førde 09.01.2024

Sølvi Anne Birkeland. Leiar

Sølvi Anne Birkeland

Randi Aven. Nestleiar

Randi Aven

Randi Aven. Sekretær

Randi Aven

Per Nikolai Solheim. Kasserar / Fane 2.

Per Nikolai Solheim

Andrè Vindedal. Opplæringsansvarlig

Andrè Vindedal

Petter Ratvik. Styremedlem

Petter Ratvik

Wenche Hosteland Mæland. Styremedlem

Wenche H. Mæland

Tove Nødset. YSHS

Tove Nødset

Lene Mathea Hetle. YSHK

Lene Mathea Hetle

Roger Smørdal. YSTS

Roger Smørdal

Torun Husdal. Pensjonisttillitsvald

Torun Husdal

Dan Robin Fludal. Ungdomstillitsvald

Dan Robin Fludal

